

Referat frå styremøte i VH 27.10.25 på Museet

Møtte frå styret:

Arne Erik Fønhus, Ingebjørg Moe, Tore Hovda, Tove Grethe Kolstad, Tone Meisdalen, Ole Aastad Bråten, Toril Grønbrekk

Fråverande:

Åse Østgård Hagen

Møtte frå redaksjonskomiteen i årboka:

Redaktør Nils Rogn

Sak 28/25 – Årboka

Dette er andre boka med Nils Rogn som redaktør. Trykkeriet har levert raskt, og boka er no ferdig. Styret uttrykkjer stor tilfredsheit med resultatet og gir ros til redaksjonskomiteen for godt arbeid.

Tema for årets bok: Migrasjon og utvandring – det er 200 år sidan utvandringa til Amerika starta. Boka inneheld 27 artiklar om migrasjon, samt 16 artiklar om andre tema.

Orientering frå Nils: Redaksjonen har hatt godt samarbeid med grafisk designer Monica Nilssen i Vele Um. Sju bedrifter har støtta boka med til saman 25 000 kroner. Seks av desse er nemde i boka; bidraget frå Eidsiva kom inn for seint til å bli tatt med.

Sal: Boka kostar 350 kr og kan kjøpast hjå bokhandelen på Fagernes og på Dokka, i museumsbutikken og i fleire butikkar rundt om i Valdres. Ho kan også tingast via e-post: bokforvaltar@valdreshistorielag.no.

Stand på Rakfiskfestivalen: : På førre styremøte vart det diskutert å ha stand på Rakfiskfestivalen, men kostnaden på minimum 12 000 kroner vart vurdert som for høg. Ole kontaktar fengslet på Slidreøya for å undersøke om dei vil selje boka mot 20% provisjon.

Marknadsføring: Styremedlemmane oppmodast til å reklamere for årboka, til dømes på egne Facebook-sider. Nils sender bilete av boka til styret for bruk i marknadsføring.

Årboka 2026: Nils tek på seg redaktør oppgava også neste år. Styret kom med forslag til tema: Museet i Valdres 125 år, Valdresforfattarar, Idrettsutøvarar frå Valdres.

Redaksjonskomiteen: Styret vedtok einstemmig at redaksjonskomiteen skal få påspandert middag ved evalueringsmøte, eller ved anna høve som passar

Sak 29/25 - Årsmøte

Årsmøte blir 23. mars. Lokallaga må ha sin representant klar til då. Arne Erik sender ein e-post til lokallaga om dette.

Sak 30/25 – Eventuelt

Det vart foreslått å innføre ei fast sak på styremøta: «Orientering frå lokallaga», der dei ulike laga informerer om aktivitet sida sist.

Etnedal 03.11.25

Referent: Toril Grønbrekk